



Landbruks- og matdepartementet  
Pb 8007 Dep  
0030 OSLO

Landbruks- og matdep.	
Saksnr.: 161570	Doknr.: 304
Mottatt: 18 OKT 2016	
Saksbeh.:	Ark.:
Kopi:	Avskr.:

Vår ref.  
16/316-33/N - 000/KAWV

Dykkar ref.

Dato:  
11.10.2016

## Høyringsuttale frå Kvam herad til Forslag til lov om endring om konsesjon, lov om jord og lov om odelsretten og åsetesretten

Kvam heradsstyre har vedteke følgjande høyringsuttale i sitt møte 27.09.2016:

1. Kvam herad støttar ikkje regjeringa sitt forslag om å endra arealgrensene i konsesjonslova og odelslova. Dette er med på å opne opp marknaden for kjøparar med andre motiv enn landbruksdrift, ein auka fritidsbusetnad på gardane og på sikt ei fråflytting frå bygda. Ein høg prisauke kan og gjera det vanskeleg for unge nye bønder å kome inn i landbruket.
2. Kvam herad støtter regjeringa med å få priskontrollen i konsesjonslova som ei forskrift, noko som vil tydeleggjere reglane betre.
3. Kvam herad støtter ikkje regjeringa med å utelate skogseigedomar i priskontrollen i konsesjonslova. Skogseigedomane høyrer naturleg inn under landbruksregelverket med omsyn til forvaltning. Det kan òg bidra til ein uheldig utvikling av eigdomsstrukturen med omsyn til skogseigedomar.
4. Kvam herad ynskjer å ha reglane om priskontroll ved overtaking av eigedom utan hus, slik som dei er i dag.
5. Kvam herad støtter regjeringa ved å opne opp i jordlova §12 for frådeling av tun og sal av resteigedom til naboeigedom med minst 5 daa.
6. Kvam herad ynskjer eit unntak i §12 i jordlova for tomter under 2 daa som ikkje ligg på jordbruksareal.

7. Kvam herad ynskjer ei endring i §8 i jordlova om kravet til 10-årige leigekontraktar, driftsmessige gode løysingar og mynde til kommunen ved å leiga vekk jord som ikkje har vorte drive.
  
8. Kvam herad støttar regjeringa sitt forslag om at eit vedtak om tilbakebetaling av tilskot er tvangsgrunnlag for utlegg.

-----

Kvam herad er klar over at høyringsuttalen er sendt etter høyringsfristen 26.09.2016, men vonar likevel at den blir teken med.

Helsing

***Kari Weltzien Vik***  
Administrativ rådgjevar  
Telefon: 56553022

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

**Mottakarliste:**  
Landbruks- og  
matdepartementet

Pb 8007 Dep

0030 OSLO